

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

### Godkjenning av fylkesting for ungdom (FFU) og Vestland ungdomsutval

#### Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner samansetnad av Vestland ungdomsutval og tek protokoll og handlingsprogram frå fylkesting for ungdom til vitande.

#### Samandrag

Fylkesting for ungdom Vestland har ein samansetnad på to representantar frå kvar kommune i Vestland fylke og er totalt representert av 86 ungdommar. Kvar kommune vel sine representantar som dannar grunnlaget for val av tingets utførande organ: Vestland ungdomsutval

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Møteprotokoll FFU Vestland 10.-11. april 2021
- 2 Ungdommens planprogram 2021

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Medverknadsorgan for ungdom er lovfesta i kommunelova § 5-12, jf. §5-2. Reglement for fylkesting for ungdom Vestland og Vestland ungdomsutval er regulert i *Reglement for folkevalde organ og delegering*, vedteke av fylkestinget i Vestland 15.10.2019

Det går fram følgjande:

*«Fylkesting for ungdom har 86 medlemer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsorgan i fylket. Medlemene av fylkesting for ungdom skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.*

*Vestland ungdomsutval er fylkesting for ungdom sitt utførande organ. Utvalet skal veljast av fylkesting for ungdom og det kan ikkje veljast medlemer utanfor fylkesting for ungdom sine representantar/delegatar. Utvalet skal bestå av 9 medlemer. Det skal også veljast sju varamedlemer kor dei tre første har møteplikt. Medlemene av Vestland ungdomsutval skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.*

*Vestland ungdomsutval peikar sjølv ut leiar og nestleiar som skal veljast ut mellom medlemene. Varamedlemer kan ikkje bli vald som leiar eller nestleiar.*

*Vestland ungdomsutval skal ha ein valperiode på inntil to år.»*

Fylkesting for ungdom har totalt 86 representantar som er valde av sine representative kommunar, og er dermed ikkje oppnemnd av fylkeskommunen. Dei valde representantane frå kommunane har så høve til å stille til val i Vestland ungdomsutval. Fylkesting for ungdom har i sine vedtekter ei eiga valnemnd som syter for ei innstilling av representantar for det nye arbeidsutvalet og til ei kontrollnemnd for utvalet. Desse vert så vedtekte av fylkesting for ungdom Vestland.

Følgjande vedtak vart gjort av fylkesting for ungdom 11.04.2021:

Verv	Namn	Kommune
Leiar	Mia Holdhus	Samnanger
Nestleiar	Emilie Mortvedt Troland	Austevoll
2årig medlem	Sander Eide Aase	Kvam
2årig medlem	Emil Kvebæk Øvretveit	Øygarden
2årig medlem	Inger Christin Hystad Barane	Stord
2årig medlem	Hallvard Lervik	Sunnfjord
1. Vara	Maren Sævild	Samnanger
2. Vara	Evelyn Risnes Bjørnbekk	Austrheim
3. Vara	Michal Niedzwiecki	Årdal
4. Vara	Andrine Lundekvam	Sunnfjord
5. Vara	Tina Emilie Revheim	Askøy
6. Vara	Theodor Solheim Gjenga	Osterøy
7. Vara	Ingrid Hjartåker Wigand Lien	Bergen

Kontrollnemnd:

Verv kontrollnemnd	Namn	Kommune
Leiar	Lisa Horpen	Årdal
Medlem	Susanne Sørli Slettebakken	Alver
Medlem	Leander Mulen Sunde	Sunnfjord

I kommunelova § 5-12 er det fylkestinget som har myndighet til å velje medverknadsorgan for ungdom. Dette inneber at vedtak som er gjort av fylkesting for ungdom må godkjennast av Vestland fylkesting for å vere gyldig.

I *Reglement for folkevalde organ og delegering*, vedteke av fylkestinget i Vestland 15.10.2019, er det og fastset eit krav om at «*Fylkesting for ungdom skal i tillegg leggje fram protokoll frå deira fylkesting samt det nye handlingsprogrammet*». Dette ligg vedlagt saka. Protokollen inneholder også vedtekter for både fylkesting for ungdom Vestland og Vestland ungdomsutval.

Vedtakskompetanse

Vestland fylkesting

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** ikkje relevant

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** ikkje relevant

Konklusjon

Fylkestinget godkjenner samansetnad av Vestland ungdomsutval og tek protokoll og handlingsprogram til vitande